



Studentrådet IE

## Møteinnkalling Studentrådsmøte Informasjonsteknologi og elektroteknikk (IE)

**Til:** Studentrådet IE  
**Kopi:** Sti, styrerepresentantar  
**Frå:** FTV-ane  
**Dato:** 12.03.2024  
**Tid:** 16:15 – 18:00  
**Sted:** G108 gamle Elektro, Teams

### **Saksliste:**

Godkjenning av innkalling  
Godkjenning av møtereferat  
Runde rundt bordet

### **OR-sak 17/24**

*Utlysingstekst til ny instituttleder utsett – 5 min*

Det skal tilsettast ny instituttleder ved Institutt for informasjonssikkerheit og kommunikasjonsteknologi(IIK), og i den anleinga er det sendt ut ein utlysingstekst på høyring til instituttet. På grunn av dårleg medverking blei utlysingsteksten ikkje vedtatt ved førre fakultetstyremøte, 29.02, og moglegheit for tilbakemeldingar utsett til 11.03.

Det skal også innstillast ein student til å sitje i tilsettingskomitéen til denne tilsetjinga. FTVane sit normalt i desse komitéane når det er knytte til leiarstillingar, men opnar for at ein student ved IIK kan innstillast til dette vervet.

### **OR-sak 18/24**

*Studentassistentrapporten – 5 min*

Studentassistentrapporten er sendt ut til institutta og presentert for leiinga både i leiargruppemøtet på fakultetet (LG) og i IE utdanning (møte med nestleder for utdanning frå kvart institutt). Denne blei godt mottatt og ser ut til å verte tatt i bruk av institutta.

Dei instituttillitsvalde oppfordrast til å ta i bruk denne rapporten i diskusjonar med institutta om effektiv pengebruk, og sørge for at studentperspektivet ikkje går tapt i implementeringa av rapportens råd.

### **SR-sak 19/24**

*Utveksling v/Gina Kristine Steen Aarheim(Sti)– 30 min*

**Bakgrunn for saken**

Internasjonalt ansvarlig i Studenttingets arbeidsutvalg, Gina Kristine S. Aarheim harkontaktet samtlige studentråd ved NTNU for å samle inn informasjon om hva som fungerer godt og hvilke utfordringer studenter har blitt møtt med knyttet til utveksling og internasjonalisering. Innsamlingen av informasjon henger sammen med at Gina, sammen med internasjonal seksjon, ønsker å samle ansatte ved NTNU som jobber med utveksling for å presentere studentenes opplevelser. Derfor ønsker de å samle inn hvilke erfaringer studentmassen har med prosess både før, under og etter utvekslingsopphold.

### **Saksbehandlers vurdering**

Saksbehandler vurderer saken som svært nyttig da utveksling og søknadsprosesser til utveksling ofte oppleves som vanskelig for studenter. NTNU har som strategisk mål å tilrettelegge for at minst 50% av studentene ved NTNU skal ha fysisk studie- eller praksisopphold i utlandet på lengre enn 3 – tre – måneder. NTNU er langt unna å nå dette målet, det er derfor avgjørende at prosessen rundt utveksling utbedres slik at det blir mer attraktivt for våre studenter å dra på utveksling.

### **Spørsmål til diskusjon**

- Hvilke positive erfaringer har studentene ved deres enhet med utveksling?
- Hvilke utfordringer har studentene ved deres enhet opplevd i forbindelse med utveksling?
- Hvis utfordringer, er utfordringene lokalisert lokalt (institutt/fakultet) eller sentralt nivå (internasjonal seksjon)?

### **Pause**

*Pause - 5 min*

### **SR-sak 20/24**

*Tilbakemeldingar på FTS– 30 min*

Etter Roger sin gjennomgang på førre studentrådsmøtet er studentrådet betre stilte til å kome med tilbakemeldingar på kva me ønskjer fakultetet skal fokusere på opp mot implementeringa av framtida sine teknologistudier(FTS). Dei tillitsvalde oppfordres til å lese på prinsippa som framkjem på nettsida.

<https://www.ntnu.no/fremtidensteknologistudier>

Spurnadar til ettertanke:

- Kva prinsipp er viktigst å få implementert fyrst på IE-fakultetet?
- Kva konkrete utfordringar ved fakultetet kan knytast til og/eller løysast ved prinsipp som framkjem i FTS-rapporten.

### **SR-sak 21/24**

*Informasjonsflyt mellom leiinga og student– 30 min*

Eit del av ansvaret til dei instituttillitsvalde(ITV) på IE-fakultetet er å “Sikre god informasjonsflyt fra student til institutt og institutt til student”. Kor godt vert dette gjort i dag? Kvar institutt har ulike erfaringar i kor involverte instituttet er i informasjonsflyten, kva informasjonskanalar dei brukar, kor gode dei er på å aktivt involvere ITVar i slutningar med meir.

Spurnader til diskusjon:

- Kva gode erfaringar har ITVane med informasjonsflyt frå institutt til student?
- På kva områder sviktar informasjonsflyten frå institutt til student?
- Kva kan ITVane gjere for å betre informasjonsflyten (stille instituttet til ansvar)?

- Kor involverte er ITVane i diskurs på instituttet rundt:
  - o Utdanningssakar?
  - o Tilsettingssakar?
  - o Arealfordeling?
  - o Forskingssakar?
  - o Økonomi?
  - o Høyringsvar?

ITVane bes forberede svar slik at ein oversikt over konkret møtevirksomheit, informasjonskanalar, informasjonshyppigheit, ol. kan lagast.

### **Eventuelt og møtekritikk**

Har du nokre spurnadar eller sakar du ønskjer å ta opp på møtet, send dei inn til oss på vår mail [ie-ftv@studentrad.ntnu.no](mailto:ie-ftv@studentrad.ntnu.no)

Det er obligatorisk oppmøte, gje difor beskjed til konsulenten om du ikkje kan kome, og send med eventuelle innspel.

Hilsen FTV-ane ved IE

Magnus Dag Oseid, Helle Nilsen Elvebakk, Ingrid Bogen Arenth, Odd Arne Fosse